


Endringsomtale

Reguleringsplan for Korsneset, Goddo, gnr. 63 bnr. 2

Detaljregulering



Innleiing

Ein planomtale skal avklare og omtale tilhøve som er viktige i ei plansak. Dette gjeld tilhøve i planframlegget og konsekvensar planframlegget vil kunne gje for planområdet og omgjevnadene. I dette tilfellet handlar det om ei endring av ein eksisterande plan etter forenkla prosess, og dette dokumentet er derfor ein endringsomtale. Planen frå 2007 har ikkje ein planomtale, altså blir det her skildra informasjonen som er naudsynt for å sette endringa i kontekst. Endringsomtalen følger strukturen til ein vanleg planomtale, men er mindre omfattande.

1. Bakgrunn

1.1. Hensikta med planendringa

Bakgrunnen for endringsframlegget er eit avslag på byggesak med dispensasjon i 2023, der kommunen etter vurdering av uttale frå Statsforvaltar fant at saken burde handsamast gjennom endring etter forenkla prosess i staden. Grunnen var nye føringar, mellom anna statleg planretningslinje om strandsona, og nye statlege føringar for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing. Det er ikkje gjort ei vurdering av naturmangfaldet etter naturmangfaldlova og det finst ikkje ROS-analyse for reguleringsplanen.

1.2. Framleggsstillar, plankonsulent, eigartilhøve

Goddo AS er framleggsstillar, HOLON Arkitektur er plankonsulent, eigedom 63/2 og 7 tilhøyrar Rolf og Eli Hodne. Elles er det eigedom 63/13 og 14 (Arne Joachim Bruun og Gunn Endal), 63/16 (Kim Kenneth Hindahl), 63/17 (Olav Klubben) og Goddevegen, 63/32 (Vestland fylkeskommune).

1.3. Tidlegare vedtak i saken

Reguleringsplan R-117 for Korsneset, Goddo, gnr 63 bnr 2 er i kraft frå vedtak i kommunestyret 17.12.2007.

1.4. Utbyggingsavtaler

Det er ingen utbyggingsavtaler

1.5. Krav om konsekvensutgreiing?

Kommunen har ikkje stilt krav om konsekvensutgreiing.

2. Planprosessen

2.1. Medverknadsprosess

Saken følger normal prosess, kor endringsframlegg blir sendt på høyring til mynde, interesserte og naboar, og offentleg ettersyn. Eventuelle justeringar blir gjort før endringane blir vedtatt politisk.

2.2. Oppstartsmøte

Det er ikkje krav om oppstartsmøte til endring av plan.

2.3. Dato melding om oppstart; utsending, frist

I prosess med endring av plan er det berre varsel om endring, ikkje eit eige om oppstart.

2.4. Avklaringar med offentlege mynde

Offentlege mynde vil uttale seg til endringsframlegget.

2.5. Medverknad; frivillige organisasjonar, partar, naboar og liknande

Uttalar vil vere til endringsframlegget.

2.6. Ev. om saksgangen så langt – til dømes undervegs møte

Bakgrunnen for endringsframlegget er eit avslag på byggesak med dispensasjon i 2023, der kommunen etter vurdering av uttale frå Statsforvaltar fant at saken burde handsamast gjennom endring av reguleringsplanen i staden for gjennom dispensasjon. Eit avklaringsmøte blei halde 11. januar 2024, kor aktuelle endringar og føresetnadar blei diskutert.

3. Planstatus og rammebetingelser

3.1. Overordna planar

3.1.1. Fylkeskommunale planar

Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger

3.1.2. Kommuneplanens arealdel

Kommuneplan for Bømlo 2013-2025 seier at reguleringsplan R-117 skal gjelde.

3.1.3. Kva planstatus har området i overordna plan

Til kommuneplanen som er under rulling, er det eit vedlegg med vurdering av gjeldande reguleringsplanar i Bømlo kommune. Tabell 1 viser R-117.

Tabell 1: Vurdering av R-117, side 89.

Reguleringsplan for Korsneset, Goddo, gnr 63 bnr 2. PlanID R-117 Vedtatt 17.12.2007 Sist vedtatt endring 12.11.2012, planen blir delvis erstatta av, Fv. 18 Goddebrua – Austvik (Planid: 201004).	
	Vurdering
Har planen føresegner? Har alle føremåla for utbygging føresegner?	Ja, men planen manglar føresegn for anna veggrunn, privat småbåthamn land og felles leikeområde.
Er vegar bygd i samsvar med planen?	Ja, delvis.
Er arealbruken elles i tråd med planen?	Ja
Angir planen utnyttingsgrad?	Ja
Sikrar planen tilkomst og parkering til områda? Enten veg eller gangveg.	Ja
Er utnytting i tråd med planen?	Ja
Er det ubygde frådelt tomter i planen?	Ja
Er det ubygde tomter som ikkje er frådelt i planen?	Ja, dei fleste tomtane er ikkje frådelt.
Konklusjon	Vidarefør
Erstattar denne planen ein anna plan? Kva plan? Er tidlegare plan oppheva?	Det er ikkje registrert nokon erstatningar.



Figur 2: Delane av opphavelag plan rundt krysset med Goddevegen blei erstatta av plan 201004. Endringsframlegget regulerer på nytt dette krysset. (Nord er mot høgre.)

3.4. Tilgrensande planar som er i gang i nærleiken og som har innverknad på saka

Ingen planar er kjent.

3.5. Temaplanar

Ingen temaplanar er kjent.

3.6. Statlege planretningslinjer/rammer/føringar

Særleg relevant for tiltaket i planen er: *Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen (2021)*.

4. Utgreiingstema

Alle tema frå malen til planomtale er òg brukt her i endringsomtalen og kort skildra, om dei er relevante.

4.1. Topografi og landskap

Landskapstype: Skjerma indre, slakt til småkupert kystslettelandskap. Vanleg landskap med låg verdi.

4.2. Soltilhøve


Det er gode soltilhøve på fritidstomtene, som ligg oppe på ei lita høgde frå havet.

4.3. Lokalklima

Det er ingen kjente problem. Det blåser mykje langs vestlandskysten, men Korsneset ligg på innsida av øya og ligg litt meir i ly enn det meste av øya, òg på grunn av vegetasjon.

Nedanfor er ei vindrose for Slåtterøy fyr, som ligg nord for Goddo, ut i havgapet. Det ligg altså mykje meir eksponert, men vi ser at vindretninga i området oftast er frå sør-søraust og nord-nordvest. Det er inga ulempe at planområdet har skog som skjermar i nord, og landjord heller enn opent hav mot sør. Den verste vinden kjem nok når han går parallelt med Selsfjorden. Det er frisk bris eller kraftigare i denne retninga 6,6 % av tida.

Vindrose for Slåtterøy Fyr (SN48330) i perioden; 9.2014–9.2024.



Figur 3

4.4. Estetisk og kulturell verdi

Korsneset er eit av få nes på Goddo med litt skog. Utanom dét skil det seg ikkje stort frå andre stader i nærområdet.

4.5. Kulturminne og kulturmiljø

Inst i Slettevika ligg eit kulturminne med spor av bustad frå steinaldertida. Det går truleg òg under fylkesvegen.

Gravplassen inst i same vika har ein lokalhistorisk verdi, kor offer for kolera ligg gravlagt.

4.6. Naturverdiar

Det er gytefelt for torsk like aust for planområdet.

I nærområdet utanfor planområdet er det registrert nokre truga artar, og dei er alle fuglar. Svartand og sjørørre er i slekt og er observert i Slettevika dei seinaste åra. Det er ingen framandartar innanfor ei 100-meterssone.

Sidan fuglar har større radius enn mellom anna plantar, ser vi etter registrerte artar innanfor ein 1000 meters avstand til planområdet. Der er det ein del fleire trua artar og nokre livskraftige ansvarsartar. Av desse er 25 % av verdens førekomstar eller meir i Noreg.

Tabell 2: Registrerte, trua artar og ansvarsartar

100 m

2024	VU	svartand	<i>Melanitta nigra</i>
2020	VU	sjøorre	<i>Melanitta fusca</i>

1000 m

2021	EN	svartstrupe	<i>Saxicola rubicola</i>
2013	EN	makrellterne	<i>Sterna hirundo</i>
2023	VU	fiskemåse	<i>Larus canus</i>
2022	VU	grønfinke	<i>Chloris chloris</i>
2022	VU	gråmåse	<i>Larus argentatus</i>
2020	VU	hønsehauk	<i>Accipiter gentilis</i>
2017	VU	ærfugl	<i>Somateria mollissima</i>
2022	NT	storskarv	<i>Phalacrocorax carbo</i>
2013	NT	tjeld	<i>Haematopus ostralegus</i>
2002	NT	stare	<i>Sturnus vulgaris</i>

2022	LC	havørn	<i>Haliaeetus albicilla</i>
2022	LC	svartbak	<i>Larus marinus</i>
2020	LC	bjørkefink	<i>Fringilla montifringilla</i>
2019	LC	bergirisk	<i>Linaria flavirostris</i>
2019	LC	furukrossnebb	<i>Loxia pytyopsittacus</i>
2009	LC	heipiplerke	<i>Anthus pratensis</i>


Svartand og sjøorre har eit viktig habitat i Nordrevågen, innanfor Erevikeholmen. Gråspett (*Picus canus*) er sist observert i 2022 innanfor ein 1000-meterradius. Den er livskraftig, men er (lik dei trua artane) ein art av særleg stor «forvaltningsinteresse».

4.7. Rekreasjonsverdi

Rekreasjonsbruken i området er i all hovudsak knytt til dei eksisterande bygga. Dei har tråkk ned dei bratte skråningane til sjøen. Det er ei flytebrygge langs austsida av Slettevika.



Figur 4: Tilkomst frå høgt terreng til sjø. Neset er elles for bratt. Dei sørlegaste verkar ikkje vere etablert.



Figur 5: SSB viser hellingsgrad, kor meir enn 25 grader i prinsippet gjer strandsona utilgjengeleg.

4.8. Landbruk

Temaet er ikkje relevant for staden.

4.9. Trafikkforhold

Tilkomst til området er via Steinkorsvegen, ein grusveg med varierende breidde.

4.10. Barns interesser

Det mest attraktive med planområdet for barn er sannsynlegvis ei enkelt flytebrygge som eignar seg til bading, og småskog til å leike i.

4.11. Sosial infrastruktur

Med tanke på at det ikkje skal bli etablert bustadar, er det ikkje så relevant med tilgjengeleg sosial infrastruktur. Det var tidlegare ein skule i Erevik, men han blei lagt ned i fjor. Alle tilbod på Svortland ligg om lag 10 minutt unna med bil.

4.12. Universell tilgjenge

Vegen til hyttene er ikkje universelt utforma.

4.13. Teknisk infrastruktur

Det er ei eksisterande kommunal vassleidning i sjø sør for Steinkrossen, skjeret ytst i sør. Bygga innanfor plangrensa er ikkje kopla på kommunalt VA-nett. Elektrisitet går i ei luftleidning frå Goddevegen over Slettevika og opp bakken med Steinkorsvegen.

Eigedom 63/13 har brønn på eigedom 63/16 og vassleidning over 63/2. Det blir viktig å ikkje skade ho når hyttetomtene blir bygd ut.

4.14. Grunnforhold

Stadene kor det er aktuelt å bygge er fjellgrunn. Det er eitt område kor rasfaren er større – inst i Slettevika, frå fjellveggen langs Steinkorsvegen. Utløpssona er på sletta med kulturminne. Det er eit område som må bli sikra.

Det er mykje radon i grunnen på Goddo. Det er ikkje snakk om faste bustadar her, men det er hytter med moglegheit for mykje opphald. Det skal ifølgje TEK17 vere radonsikring òg for denne typen bygg.



Figur 6: Rasfare i framlegg til KPA.

4.15. Støyforhold

Støy er ikkje relevant for planen.

4.16. Luftforureining

Forureining er ikkje relevant for planen.

4.17. Risiko- og sårbarheit

Det finst ikkje ein risiko- og sårbarheitsanalyse for gjeldande plan. ROS-analysen som er lagt ved endringsframlegget, ville vore temmeleg lik om han var laga til gjeldande plan. Det er med andre ord ikkje endringa som skaper ny risiko/sårbarheit. Her i endringsomtalen er det utdrag frå analysen.

4.17.1. Risikomatrise

Her er nummer til hendingane frå ROS-analysen lagt inn i risikomatrisa for liv og helse og for materielle verdiar. Numra kjem att i neste avsnitt. Det er ingen risiko/sårbarheit innanfor miljø.

Tabell 3

Risikomatrise LIV OG HELSE			KONSEKVENSA				
			K1	K2	K3	K4	K5
			Ufarleg	Ein viss fare	Alvorleg	Kritisk	Katastrofalt
SANNSYN	Sa5	Særs sannsynleg					
	Sa4	Mykje sannsynleg					
	Sa3	Sannsynleg	3	11			
	Sa2	Mindre sannsynleg		22	21		
	Sa1	Lite sannsynleg					

Tabell 4

Risikomatrise MATERIELLE VERDIAR			KONSEKVENSA				
			K1	K2	K3	K4	K5
			Ufarleg	Ein viss fare	Alvorleg	Kritisk	Katastrofalt
SANNSYN	Sa5	Særs sannsynleg					
	Sa4	Mykje sannsynleg					
	Sa3	Sannsynleg	3	8			
	Sa2	Mindre sannsynleg		21			
	Sa1	Lite sannsynleg					

4.17.2. Nr.3 – Snø-/sørpe-/isskred

Skredsona er over ein liten del av Steinkorsvegen, på veg opp mot hyttefeltet.

Utløpsområdet ligg over gravplassen og jordet fram til Goddevegen. Det er ingenting der i dag – eller planlagt – som vil ta spesielt skade av eit slikt ras.

4.17.3. Nr. 8 – Tidvassflaum/stormflod

Stormflod i Nordrevågen/Slettevika og Austra Vika er 110 cm over NN2000 med 20-års intervall. Kaiene langs austsida av vågen ligg lågare enn dette.

4.17.4. Nr. 11 – Farleg terreng

Det er fleire bratte skråningar utan sikring innanfor planområdet. Nokre er for små stup å rekne.

4.17.5. Nr. 21 – Trafikkulykker

Sikta frå Steinkorsvegen er ikkje den beste, sidan Goddevegen i nord går til ein bakketopp og sørvestover svingar rundt og bak ein fjellvegg.

4.17.6. Nr. 22 – Ulykke med gåande eller syklande

Steinkorsvegen (og Goddevegen) har ikkje fortau, derfor kan mjuke trafikantar berre bevege seg langs vegen. Det er ikkje lys langs Steinkorsvegen, sikta er ikkje særskilt god og vegen er maks fire meter brei. Frå kveldinga vil det altså vere auka risiko for denne hendinga. Det er 50-sone òg på denne smale sidevegen.

4.18. Næring

Næring er ikkje relevant for planen.

4.19. Analysar/utgreiing

Det blei laga ein teknisk plan for veg og ein for vatn og avløp til den stoppa søknaden om rammeløyve, saksnummer 2021/5255.

4.20. Eigedomstilhøve

4.20.1. Eigedomar innanfor planområdet

Gardsnummer 63 og bruksnummer 2, 7, 13, 14, 16, 17, 32.

4.20.2. Eigedomstilhøve som kan komplisere gjennomføringa av planen

Gjeldande reguleringsplan og eigedomsgrensene samsvarar ikkje.

5. Skildring av endringsframlegget

Gjeldande reguleringsplan, *R-117 for Korsneset, Goddo, gnr 63 bnr 2*, er vurdert og vedtatt vidareført i gjeldande kommuneplan 2013–2025, og vurdert vidareført òg i rulleringa av kommuneplanens arealdel, som går mot slutthandsaming. Endringa av reguleringsplanen gjeld føresegnene og plankartet. Det finst ikkje ein planomtale til gjeldande plan og endringsomtalen skildrar derfor òg høve som er meir eller mindre relevante for endringsframlegget.

5.1. Planlagt arealbruk

5.1.1. Eigedomsinngrep

Det er ikkje naudsynt å regulere eigedomsgrensar.

5.1.2. Reguleringsformål

Bygg og anlegg (pbl § 12-5, nr 1)

- Fritidsbustader – frittliggande (1121)
- Andre kommunaltekniske anlegg (1560)
- Uthus/naust/badeplass (1589)
- Småbåtanlegg i sjø og vassdrag (1587)

Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur (pbl § 12-5, nr 2)


- Veg (2010)
- Gangveg/gangareal/gågate (2016)
- Anna veggrunn – grøntareal (2019)
- Parkeringsplassar (2082)

Landbruks-, natur- og friluftsmål samt reindrift (pbl § 12-5, nr 5)

- Friluftsmål (5130)

Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhørende strandsone (pbl § 12-5, nr 6)

- Friluftsområde i sjø og vassdrag (6710)
- Badeområde (6770)



Figur 7: Framlegg til endra plankart. Kart som viser endringane mot opphavsleg plankart ligg ved.

5.2. Gjennomgang av aktuelle reguleringsformål

Fritidsbustader – frittliggande (1121)

Innanfor formålet er det tillate med hytter på 110 m² kvar, med skråtak og største mønehøgde på 6,5 meter.

Andre kommunaltekniske anlegg (1560)

Miljøstasjonen er til oppstilling av bossdunkane til hyttene.

Småbåtanlegg i sjø og vassdrag (1587)

Innanfor formålet kan det bli lagt kai, brygger og båt feste for små fritidsbåtar.

Uthus/naust/badehus (1589)

Det er plass til naust på land ved småbåtane. Desse kan ikkje vere større enn 40 m² og skal berre bli nytta til lager.

Veg (2010)

Steinkorsvegen skal ha ei breidd på 4,0 meter og maksimal stigning på 12,5 %, slik at uttrykkingskøyretøy og tømmebilar kjem til hyttefeltet. Utforminga er etter teknisk plan for veg som blei laga til stoppa rammesøknad i 2023. Avvik frå N100 og vegnorm er derfor vurdert som avklart.

Gangveg/gangareal/gågate (2016)

Det er tre gangvegar i planen: langs sørsida av gravlunden; langs sjø frå naustområdet ved Slettevika til det ved Erevikeholmen; frå nausta ved Erevikeholmen opp til hyttefeltet. Av desse har sistnemnde ikkje ei universell stigning (f_GG4). Gangvegane bidreg til å gjere badeplassar og kaier tilgjengeleg for allmenta.

Anna veggrunn – grøntareal (2019)

Innanfor desse areala er det sideareal og skråningsutslag, enkelte stader med støttemurar og fjellsikring. Det er særleg Steinkorsvegen som treng desse areala, samanlikna med gjeldande plan. Dei naudsynte terrenginngrepa ved bygging av vegen gjer at planen ikkje har rom nok langs vegen. Skråningsutslag kan òg gå utanfor felta med AVG, men i mykje mindre grad.

Parkeringsplassar (2082)

Dette formålet er til gjesteparkering, kor folk som besøker hyttene, nausta, eller for eksempel badeområdet, kan stå. Det er plass til 23 bilar.

Friluftsfomål (5130)

Friluftsområdet er areal kor ein skal ta vare på vegetasjon og det er mogleg å legge noko til rette for leik og fritid.


Friluftsområde i sjø og vassdrag (6710)

Områda er areal for allmenta med vanleg ferdsel.

Badeområde (6770)

Området inst i Slettevika er badeområde, som i gjeldande plan.

5.3. Bygningane si plassering og utforming




Figur 8: Situasjonsplan med planlagde plasseringar av hyttene.



Figur 9



Figur 10



Figur 11

5.3.1. Bygningane si høgde

Høgdena til dei 23 hyttene er uendra, men føresegn om takvinkel er erstatta av forbod mot flatt tak. I praksis har det lite å seie, sjølv om det no er mogleg å bygge med takvinkel mindre enn 27 og større enn 45 gradar.

Lågaste tilråda byggehøgder i Noreg har endra seg med nye, framskrivne data for havnivåstigning. Alle bygg i sikkerheitsklasse F2 skal ligge over kote +2,1 (1/200 største nominelle sannsyn i år 2100) i dette området. For naust og liknande lagerbygg, er det nok med kote +1,1 (1/20 største nominelle sannsyn). Føresegnene seier frå før at alle

[illegible]

5.3.2.Grad av utnyttning

5.4. Bustadmiljø/bukvalitet

5.5. Parkering

5.6. Tilknytning til infrastruktur

5.7. Trafikkløysing

5.7.1. Køyretilkomst

5.7.2.Utforming av vegar

Vegen må bli oppgradert og forlenga sørover med den planlagde utbygginga, dét er i tråd med gjeldande plan. Endringa ligg i annan vegggrunn rundt sjølve vegen, sidearealet som ikkje er tilstrekkeleg stort i gjeldande plan. Traséen er i nord skyvd minimalt frå gjeldande plan for å ikkje råke gravlund.

5.7.3. Breidde og stigningsforhold

Maksimal stigning i Steinkorsvegen er 12,5 %, eller 1:8, som tillèt brannbil å komme til hyttefeltet og tømmebil å komme til slamavskiljaren. Det var ikkje plass til å tilpasse denne stigninga innanfor restriksjonane i gjeldande plan på grunn av naudsynt sideareal til vegen, med sikring mot fjellskrent. Breidda på Steinkorsvegen er 4,0 meter.

5.7.4. Avvik frå vegnormalen beskrivast

Kommunal vegnormal er i endring og nett kommen ut frå høyring (20.09.24). Steinkorsvegen avviker frå vegnorm, men den er utforma i samarbeid med kommunen i samband med stoppa byggesak, og følger krav til utrykkingskøyretøy osv.

5.7.5. Krav til samtidig opparbeiding

Opparbeiding av veg, parkeringsareal og gangvegar er knytt til bruksløyve på høvesvis fritidsbustadar og naust, der samanhengane er direkte.

5.7.6. Tilgjenge for gåande og syklende

Tilgjenga blir uendra frå gjeldande plan. Det er gangvegar frå parkering og hytter til naust.

5.8. Planlagde offentlege anlegg

Det er ingen offentlege anlegg i planen.

5.9. Miljøoppfølging

Det er ingenting i planendringa som gjer om på dette temaet.

5.10. Universell utforming

Teknisk forskrift sine krav til universell utforming ligg til grunn. Gangvegen i gjeldande plan frå hyttene til naustet er ikkje universelt utforma. Gangvegen mellom dei to nausttomtene mot Nordrevågen er det.

5.11. Uteopphaldsareal

Det er ikkje krav om uteopphaldsareal til fritidsbustadar. Innanfor planområdet er det areal med friluftsførmål, og FL1, FL4 og FL5 har enkelte område som kan nyttast til rekreasjon. Det er elles mykje bratt og utilgjengeleg terreng innanfor dette formålet.

5.12. Landbruksfaglege vurderingar

Dette temaet er ikkje relevant for planen.

5.13. Kollektivtilbod

Det er busshaldeplass om lag 200 meter nord for krysset med Steinkorsvegen, der går berre pendlarruter på kvardagar, 20 minutt til Svortland. Elles må ein lite på bilen for transport.

5.14. Kulturminne

Grunna endring i plan- og bygningslova sidan gjeldande plan blei laga, regulerer denne planendringa kulturminne på eit litt anna vis enn i gjeldande plan. Den historiske lendingsplassen er markert med *omsynssone for vern av kulturmiljø* i plankartet. Delen av steinalderbusettinga som hamnar innafor planområdet er merka med *bandlegging etter lov om kulturminne*. Ho har ikkje vern med omsynssone i gjeldande plan.

5.15. Sosial infrastruktur

Dette temaet er ikkje relevant for planen.

5.16. Plan for vass- og avløp og tilknytning til offentlig nett

Teknisk plan for veg og for vatn og avløp ligg ved endringsframlegget. Koplinga til offentlig nett skal vere frå sjø, nær Steinkrossen i sør, via Nordrevågen.

5.17. Plan for renovasjon

Det er oppstillingsplass for bossdunkar nær krysset med Goddevegen. Formålsnamnet er endra til *andre kommunaltekniske anlegg*, men funksjonen er den same som i gjeldande plan – å samle avfall frå hyttene.

5.18. Avbøtande tiltak/løysingar, jf. ROS

5.18.1. Snø-/sørpe-/isskred

- Fjellsida vil bli sikra i samband med utbetring av Steinkorsvegen. Det er krav om sikring av skråninga med fanggrøft for ras etter handbok N200 der vegen er tettast på fjellet.

5.18.2. Tidvassflaum/stormflod

- Naust i sikkerheitsklasse 1 skal ligge minst på kote +1,1, helst høgare ifølgje TEK17 § 7-2.
- Gangstien langs sjøen må tole påkjenninga av stormflod. Han bør ligge godt over 20-års stormflod på kote +1,1 der det er mogleg. Det same gjeld kaiene.
- Føresegna set krav til gangsti og naust i punkt 3.1.1, 3.1.5 og 3.2.3 – høvesvis lågaste kote +2,0 for bygg og krav om å tole påkjenning frå sjø.

5.18.3. Farleg terreng

- Dei brattaste områda kan bli sikra med gjerder.
- Kommunen må avgjere om det skal vere sikring av stader i det som er LNF-områder.

5.18.4. Trafikkulykker

- Skilting om fare kan vere mogleg, men kan ikkje bli regulert i plan.
- Goddevegen blir ikkje endra i planen. Der er nokre siktproblem.

5.19. Rekkefølgekrav

Gjeldande plan seier at ved byggemelding skal plassering og utforming av bygg vere fastsett og det skal vere laga ein konsekvensanalyse med krav til sikring av fjell langs veg. Dette er lagt til søknad om rammeløyve i endringsframlegget.

Sjå òg avsnitt 5.7.5.

6. Verknad/konsekvensar av endringsframlegget

Dette kapittelet skal omtale korleis sjølv endringa av reguleringsplanen vil få konsekvensar. Sidan det ikkje finst ein planomtale til gjeldande plan, må enkelte konsekvensar av planen som allereie er vedtatt bli skildra for første gong. Det gjeld naturmangfald, etter naturmangfaldlova kap. 2, og ROS-analyse kor ras og flaum blir vurdert.

6.1. Overordna planar

Strandsona har fått mykje meir merksemd og vern sidan gjeldande plan blei vedtatt. Planen gjer ikkje noko nytt samanlikna med intensjonen i gjeldande plan, men spesifiserer no byggegrensa òg mot sjø, som naudsynt ifølgje overordna planar og føringar.

6.2. Landskap/terreng

Planendringa er tydelegare på areal som er naudsynt sideareal til veg når han skal bli utbetra. Areal med *anna veggrunn* – grønt spis ein del langs Steinkorsvegen og gangstien

ned til nausttomta UNB2. I praksis ville bygging av vegen krevje desse sideareala uansett, men det er no vanleg å gi dei eige formål.

6.3. Strandsone og vassdrag

Av strandsona innanfor 100 metersona, er det lite som er tilgjengeleg ned mot sjøen og lite som har potensiale til å bli tilgjengeleg. Som ein ser i Figur 5, er det knapt areal som ikkje minst har stor helling (10+ grader). Det er ingen registrerte friluftsiinteresser på staden. Nærmaste friluftsområde er vest for Goddevegen. Det er heller ikkje registrert spesielle naturverdiar på Korsneset. Planen, før og etter endringa, vil gjere strandsona litt meir tilgjengeleg. Ein treng ikkje gå inn i hyttefeltet for å komme til langs austsida av Nordrevågen. Gangveg går heile vegen til UNB2, kor det er mogleg å slå seg ned, bade osv.

Rulleringa av kommuneplanens arealdel i Goddo viser byggegrenser til sjø i planområdet, som viser at kommunen allereie i sitt overordna arbeid har vurdert strandsona her.

6.4. Stadens karakter

Endringa skal ikkje endre karakteren på staden, det blir framleis regulert for fritidsbustadar.

6.5. By/tettstad, utforming og estetikk

Fjerning av føresegn om takvinkel og grense på 70 m² grunnflate gjer at hyttene kan ligge lågare og betre tilpassa landskap. Fjernverknaden kan dermed bli betre enn i gjeldande plan.

6.6. Tal på einingar/busette/befolkningssamansetnad

Talet på hytter vil vere uendra etter endringa, 23 einingar, inkludert ei eksisterande på eigedom 63/13.

6.7. Eigedomsinngrep

Det er ikkje regulering av eigedomsgrenser i planen.

6.8. Omsyn til naboar

Det er ei eksisterande hytte i planområdet som skal stå, Steinkorsvegen 38. Ho får òg byggegrense til sjø, og vendehammaren som så vidt gjekk inn på eigdommen er no trekt utanfor.

Om hyttene blir generelt lågare, kan utsyn frå eksisterande hytte bli mindre påverka.

Vassleidninga til hytta på eigedom 63/13 skal ein vere merksam på i anleggsfasen og ho bør derfor bli kartfesta for å unngå skade.

6.9. Kulturminne og kulturmiljø, ev. verneverdi

Planendringa fører arealet nord gravplassen vidare med *omsynssone for bandlegging etter lov om kulturminne*. Det gjer at tiltak innanfor arealet ikkje kan skje utan godkjenning frå myndigheita for kulturminne. Gangvegen ved gravplassen får *omsynssone for vern av kulturmiljø*, som del av koleragravplassen.

6.10. Forholdet til krava i kapittel II i naturmangfaldlova


6.10.1. Biologisk mangfald

Sjå avsnitt 4.6 for ei liste over artar i området.

- Svartand og sjøorre hekkar ved vatn i fjellet. Andre viktige habitat er saltvatn, og skog for svartand og kyst for sjøorre.
- Svartstrupen hekkar i tette busker. Han held til i kystlandskap og semi-naturleg mark.
- Makrellterne hekkar vanlegvis i koloniar på sandstrender, på holmar og skjer, eller på tuer i myrlandskap. Vi veit ikkje om koloniar på Korsneset, dei ville ganske sikkert

vore registrert. Desse ternene finn seg òg til rette ved ferskvatn og semi-naturleg mark.

- Måsefuglane hekkar helst saman i koloniar på skjer og holmar, men har tilpassa seg situasjonen med lite mat i sjøen, og hekkar no stadig meir i tettstadar og individuelt.
- Grønfink hekkar i skogkantar, hagar, skogholt og parkar, i trær, busker eller espalier.
- Hønsehauk hekkar i skog. Det meste av skog i området er nord for planområdet, sjå Figur 14.
- Ærfugl vel helst grunne skjergardsområde til hekking, i koloniar eller enkeltvis.
- Storskarv hekkar i koloniar, det er ingen slike på Korsneset.
- Tjeld lagar reir som han legg i ei grop i bakken, ofte med grus- eller sandunderlag. Møgleg stad i Slettevika, ikkje direkte påverka.
- Stare hekkar i holrom, under takstein, i hole trær, postkasser, og fuglekasser, og han hekkar gjerne i koloniar. Trivst godt i utbygde område.
- Havørn bygg reir i trær eller på fjellhyller, sjeldnare på lave knausar. Det er lite sannsynleg at dei held til på Korsneset.
- Bjørkefink hekkar i fjellbjørkeskog.
- Bergirisk trivst i opent, steinete terreng der han hekkar i lause koloniar og plasserer reiret på eller nær bakken.
- Furukrossnebb hekkar i furuskog.
- Heipiplerke hekkar i opne områder på marka, oftast gøymt innunder ei tue.
- Gråspetten held til i skog.



Figur 14: Samanhengande småskog ligg i all hovudsak nord for planområdet.

6.10.2. Vurdering etter naturmangfaldlova

§ 8. Kunnskapsgrunnlaget

Naturbase viser at det i området ikkje er registrert artar av stor «forvaltningsmessig interesse» som blir negativt påverka av tiltaket. Funna gjort i Artskart er vurdert og det er lite sannsynleg at dei vil bli negativt påverka. Det er ikkje registrert utvalde naturtypar eller naturtypar kartlagt etter DN-handbok 13.

Det er ingen av dei vurderte fugleartane som typisk hekkar eller held til i hyttefeltet. Kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg til å seie at naturmangfaldet ikkje vil bli vesentleg ramma ved gjennomføring av planen.

§ 10. Økosystemtilnærming og samla påkjenning

Artane som er vurdert er generelt meir trua av sviktande næringskjelder og klimaendringar enn menneskeleg forstyrring, som støy og ferdsel. Om utbygginga ikkje treng dei bort, er det vanskeleg å seie at ho aukar samla påkjenning.

§ 9. Føre-var-prinsippet

Etter vår vurdering er det tilstrekkeleg kunnskap om naturmangfaldet og verknadar på det. Føre-var-prinsippet blir derfor ikkje nytta.

§§ 11. og 12.

Framleggsstillar er kjent med at kostnadane med miljøskade fell til tiltakshavar og at miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar skal bli nytta.

6.11. **Rekreasjonsinteresser/friluftsiinteresser**

Endringa forandrar lite for friluftsiinteressene. Utforminga til hyttene blir litt mindre regulert, som kan gi ein litt anna utsjånad. Talet på hytter og areal satt til dei blir verande dei same.

6.12. **Uteområde**

Friluftsiformål blir ført vidare frå gjeldande planar, med unntak for sideareal langs vegar. Desse areala har uansett ikkje særleg verdi som friluftsiområde.

Formål for uthus/naust/badehus og badeområde er uendra. Småbåthamn er ført vidare som formålet *småbåtanlegg*, som samanlikna med «marina»-formålet *småbåthamn* (etter kart- og planforskrifta 2009) framhevar at det er snakk om liten skala.

6.13. **Trafikkforhold**

Steinkorsvegen får nokre mindre endringar samanlikna med gjeldande plan, som kjem av ei meir nøyaktig prosjektering av traséen. Ein legg opp til ei jamnare stigning opp til bakketoppen, og det krev større sideareal – i tillegg til rassikring med grøft – og dermed avstand til gravplassen. Steingarden til sistnemnde blei faktisk innmålt og ligg 0,5 m innunder vegformålet i gjeldande plan. Det gir ei litt endra traséføring og skyv f_PP2 så vidt mot aust. Parkeringa i f_PP3, ved det nordre naustområdet, blir kraftig redusert på grunn av at vegens støttemur krev areal. Støttemuren er naudsynt for å hindre større utfylling i sjø.

Gjesteparkeringa som er tapt ved naustet og av arealet som er gjort om til *vern av kulturmiljø eller kulturminne*, er i planendringa erstatta langs Steinkorsvegens austside, 23 i talet. Det kan òg vere mogleg å få til eit par plassar på f_PP3.

Det er ei lita endring av snuhammaren i nordre enden av Steinkorsvegen, frå austsida til vestsida av vegen, for å terrengtilpasse og trekke han utanfor eigedom 63/13.

6.14. **Barns og unges interesser**

Endringa ser ikkje ut til å ha nokon praktisk innverknad på barn og unge sine interesser.

6.15. **Menneske med nedsett funksjonsevne og eldre sine interesser**

Endringa tillèt hytter med full utnytting på eitt plan. Det gjer heile arealet betre tilpassa universell tilgjenge.

6.16. **Sosial infrastruktur**

Endringa har ingen effekt på sosial infrastruktur.

6.17. **Folkehelse**

Det er ingen endringar i planen som skal påverke aspektar av folkehelsa.

6.18. [Universell utforming](#)

Sjå 6.15.

6.19. [Energibehov – energibruk](#)

Planendringa ser ikkje ut til å ha effekt på energibehov- eller bruk.

6.20. [ROS](#)

Tiltak lista opp i ROS-analysen (avsnitt 5.18) vil føre til sikring av fjellsida samt ekstra sikring av lågtliggende gangareal og kaier mot sjøens krefter.

- Fjellsikring er dekket av føresegn 5.1.
- Sikker byggehøgde til stormflod er gitt av føresegn 3.1.1.

6.21. [Jordressursar/landbruk/gjenbruk](#)

Temaet er ikkje relevant for planen.

6.22. [Teknisk infrastruktur](#)

Ein slamavskiljar som i gjeldande plan er plassert i skråninga mot Austra vika, blir med denne endringa erstatta av ei føresegn om godkjenning av tekniske anlegg som tar i vare slamavskiljar langs Steinkorsvegen. Plasseringa i gjeldande plan ville gjere avskiljaren utilgjengeleg for tømning. VA-rammeplanen legg opp til at slamavskiljaren kan bli plassert eit sted innanfor FL4 inntil Steinkorsvegen.

6.23. [Økonomiske konsekvensar for kommunen](#)

Endringa har ingen kjente økonomiske konsekvensar for kommunen.

6.24. [Konsekvensar for næringsinteresser](#)

Endringa har ingen konsekvens for næringsinteresser.

6.25. [Interesse motsetningar](#)

Det er ingen kjente interesse motsetningar.

6.26. [Avveging av verknader](#)

Planendringa gjer at planen frå 2007 endeleg kan bli gjennomført. Dei praktiske effektane har knapt noko å seie, når ein har vurdert strandsona, naturmangfald, risiko og sårbarheit.